

Inger Anne og Tommy Andersen
Trælandsvegen 26
5956 Hundvin

Lindås kommune
VVA-avd
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Dykkar ref. 17/928 og 18/26850

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
17 JAN 2019	
Ark.saksn. 17/928	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Hundvin 15. januar 2019

Viser til brev frå dykk 08.01.2019

Vi er ein smule forundra over å få svar i denne saka no, nærare 1 år og 4 mnd etter vårt tilsvar på Dykkar førre brev. Dette må då vera langt utover vanlege og forsvarlege fristar?

I denne tida har vi ikkje fått noko tilbakemelding frå kommunen, korkje om at vårt brev var lest eller at det kunne ta lang tid før saka vart avgjort.

Vi kan heller ikkje sjå at våre grunngevrne innvendingar er kommentert eller imøtegått med eit einaste ord.

Det vart i Dykkar brev av 13.09.2017 varsla eit erstatningskrav, med henvisning til veglova §§ 32, 57-59. Etter vår meining er det ikkje handla i strid med § 32 el. § 57, jfr. pkt. a-e i vårt brev 17.09.2017, og då kan det heller ikkje gjerast gjeldande krav etter §§ 58-59

Det er heller ikkje så langt vi har fått kunnskap om gjort noko kommunalt vedtak om å krevja erstatning.

Viser til m.a. forvaltningsloven, kap V, som kommunen nok har god kunnskap om.

Vi vil særleg streka under det som vart påpeika og semje om på synfaringa 12.03.2017, at skaden oppsto på grunn av at store mengder oveflatevatn frå bøen og gardsvegen ovanfor Trælandsvegen ikkje vart samla opp i avløpskumma og drenert bort gjennom stikkveita under Trælandsvegen, men fann nye løp gjennom/under vegmuren. Dette er før dokumentert med innsendt foto.

Arbeidet med utbetring ser vi derfor som kommunen sitt ansvar.

Uansett, vi held fast ved vår argumentasjon, lista opp i pkt a-e i vårt brev 17.09.2017, og **avviser heilt og bestemt eit kvart erstatningskrav.**

Med venleg helsing


Inger Anne H. Andersen og Tommy Andersen

Kopi: Atle Bruvoll Andersen, Trælandsvegen 24, 5956 Hundvin
Ragnvald Valle Maskinstasjon, Seimstranda 343, 5912 Seim
Reknes Byggjeverar LL, Masfjordvegen 187, 5986 Hosteland
Lindås kommune, v/ Atle Dingen, Rune Kilen og Kjetil Eikefet,
Lindås kommune, v/Vigdis Gaustad
Lindås kommune v/ordførar, til orientering.